



Denne leikepolitibilen var flytta ut i vegen.

Det er utført vandalisme i sentrum i natt, hendingar Uskedalen har vore sparte for dei siste åra. Leikepolitibilen på plenen ved Gamleskulen vart flytta og plassert ut i vegen. SPAR flagga er rivne ned. Den eine flagglina er borte. Det same er mange av plakatane i sentrum.

I dag i ti tida kom gode hjelparar til og rydda etter slik uønska åtfærd. Politibilen vart boren på plass. Med den tyngde leikebilen har, må det vera ei gruppe som har vore aktiv i natt. Vi er ikkje kjende med om det er utført vandalisme andre plassar, heller ikkje om det er innmeldingar til politiet som kan ha samanheng med hendinga i Uskedalen.

For ordens skuld legg vi til at det ikkje var arrangement på restauranten Oska laurdag kveld, og det som var gjort, var også av ein slik karakter at vaksne julebordsgjester ikkje ville gjort det.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Egil Myhre